



E39 EIENDOM AS  
c/o Hobby Boat AS Øyna 1  
5913 EIKANGERVÅG

## Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr

### Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

#### Gnr 212 Bnr 134 Lindås - Torvhusmyrane 8 - Eikangervåg - E39 Eiendom AS - nybygg

Vi viser til søknad av 31.01.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Helgesen Tekniske Bygg AS, 5281 Valestrandsfossen. Vi viser vidare til brev av 28.02.2018 med varsel om avslag, og tilbakemelding av 14.03.2018 frå Helgesen Tekniske Bygg AS, med ytterlegare opplysningar og revidert planteikning.

Søknaden gjelder nytt bygg som skal nyttast til båtlager og verkstad.

Saman med søknaden har vi mottatt:

- Situasjonsplan
- Plan-, snitt- og fasadeteikningar
- Kopi av søknad til kommunen om rammetillatelse
- Skriv med informasjon om tiltaket og vurdering av arbeidsmiljøfaktorar

### Vurdering

Ved handsaming av søknad har vi lagt til grunn revidert planteikning lagt ved i tilbakemelding av 14.03.2018.

I reviderte planar er det lagt til rette med personalrom i form av åtskilde garderober for tilsette, toalett (HCWC), dusj og matrom.

Etter Arbeidstilsynets forvaltningspraksis er det som hovudregel krav om handikaptaolett som gir eit fullverdig tilbod. Fullverdig HC-toalett betyr dobbeltsidig, dvs. plass til rullestol på begge sider av toalettet. Einsidig HC-toalett betyr plass til rullestol berre på ei side av toalettet. Det skal alltid vere eit fullverdig tilbod. Enten dobbeltsidig eller to einsidige (hhv høgre og venstre) HC-toalett.



I kommentar til arbeidsplassforskriften § 2-4, er det vist til Sintef Byggforskserien blad nr. 379.201, om toaletter for ansatte og publikum, for dimensjonering av handikoptoalett.

Vi set vilkår om at handikoptoalett må vere dimensjonert og innreia slik at det gir eit fullverdig tilbod.

Ifølgje arbeidsmiljølova § 4-4(1) skal fysiske arbeidsmiljøfaktorar som inneklima vere fullt forsvarleg. I forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-14 er det også sett krav om tilfredsstillande klima, mellom ann med omsyn til luftkvalitet og temperatur.

Ifølgje arbeidsplassforskriften § 7-1 skal arbeidslokale og arbeidsplasser eller andre områder der arbeidstakarar har tilgang, og der arbeidet eller prosessar kan medføre forureining av lufta, ha mekanisk ventilasjon og prosessstilpassa avsug.

I Arbeidstilsynet si rettleiing om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen, best.nr. 444, er det gitt normer for luftmengder som er nødvendig ut frå tal på personar, størrelse på lokale og arbeidsprosessar, for å sikre tilfredsstillande luftkvalitet. Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til ventilasjon:

<http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=258457>

Vi set vilkår om dokumentasjon av tilfredsstillande inneklima.

I søknaden er det opplyst at det skal vere traverskran i bygget. Vi gjer merksam på forskrift utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav § 13-3, der det går fram at: *«Når sikkerheten ved bruk av arbeidsutstyr avhenger av monteringen eller oppstillingen, skal arbeidsgiver sørge for sakkyndig kontroll før det tas i bruk første gang, og etter hver montering eller oppstilling på nytt sted»*. Dette omfattar mellom anna traverskran.

Som rettleiing til planlegging og tilrettelegging av varemottak, gjer vi merksam på Bransjestandard for varelevering (BVL) med sjekklister og kravspesifikasjonar som er utarbeida av Leverandørenes utviklings- og kompetansesenter (LUKS), sjå [www.luks.no](http://www.luks.no). Sjå også LUKS sine rettleiingar: *Planlegging av varemottak ved nybygg og ombygging (Utendørs forhold, dok 3433)*, *Planlegging av varemottak ved nybygg og ombygging (Innendørs forhold, dok 3434)*, *Planlegging av snusløyfe for lastebiler(dok 3082)*.

## Vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planane på desse vilkåra:

1. Handikoptoalett for tilsette må vere utforma, dimensjonert og innreidd slik at det gir eit fullverdig tilbod, og er i tråd med normer som sikrar tilkomst for rullestolbrukar. Det må vere mogleg å snu rullestol framom toalettstål og komme til på begge sider av toalettstål. Heimel er arbeidsmiljølova § 4-1(5) og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-4.
2. Arbeidstilsynet krev dokumentasjon av tilfredsstillande inneklima, jf. arbeidsmiljøloven § 4-4(1) og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-14. For å



oppfylle funksjonskrav gitt i samsvar med arbeidsmiljølova § 4-4(1) vil det normalt vere nødvendig med balansert ventilasjon. Planane for ventilasjon og dokumentasjon i samsvar med sjekklister i best.nr. 444 må sendast Arbeidstilsynet seinast ein månad før anlegget blir montert. Jf. arbeidsmiljøloven §§ 4-4(1), 18-9 og 18-6(6), forskrift om administrative ordningar på arbeidsmiljølovens område § 12-2.

Vilkåra for dette samtykket skal følgast opp av tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakarar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjetle ledd. Sjå òg § 1-3 tredje ledd i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale som regulerer ansvaret til utleigaren.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokale eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er oppfylte. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lova/forskriftskrava blir overhaldne, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

## Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 3d og fastsatt beløpet til kr 16883,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

## De kan klage

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

## Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetle ledd og 18-6 åttande ledd.

## Behov for meir informasjon?



De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/9466 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland  
tilsynsleder  
(sign.)

Per Kristian Fonn  
Senioringeniør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:

LINDÅS KOMMUNE

HELGESEN TEKNISKE  
BYGG AS

E39 BÅT OG HENGER  
AS

Ole-Harald Bleikli

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

Valestrand

Øyna 1

5914 ISDALSTØ

5281 VALESTRANDSFOSSEN

5913 EIKANGERVÅG